

Silje Andvik Hoaas
Silje Andvik Hoaas

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/368 - 14/7573

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
28.03.2014

søknad om utviklingsstøtte

Administrativt vedtak. Saknr: 002/14

Vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå Sport & Fritid DA med 17.500 kroner. Støtta skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Saksutgreiing:

Lindås-bedrifta Sport & Fritid Norge driv med import av havsportutstyr. Selskapet vart etablert i 2008, og leverer både utstyr til sportsbutikkar og sel direkte til sluttbrukar gjennom nettbutikkane seafun.no og westsurfing.no

I 2013 hadde selskapet ei omsetnad på 1,4 millionar kroner. No ønskjer eigaren å gjennomføre tiltak for å profesjonalisere drifta, og på den måten ta ein større del av marknaden. Målet med tiltaka er å auke omsetnaden i inneverande år med 600.000 kroner – til totalt 2 millionar kroner.

I ei tid der nettbaserte system ser stadig nye løysingar, aukar krava frå kunden. Dette er ei konstant utfordringar for aktørar i denne marknaden. For å møte krava, har Sport & Fritid laga ei investeringsplan – som skal sikre at nettbutikkane til selskapet vert mellom dei raskaste systema i landet. Med systemutvikling og investering i programvare og diverse fotoutstyr, kjem investeringa på totalt 157.500 kroner. Av desse planlegg selskapet å finansiere 108.500 kroner med eigenkapital/eigeninnsats. For å gjennomføre tiltaka, søker Sport & Fritid DA om 49.000 kroner i utviklingsstøtte frå næringsfondet til Lindås kommune.

Næringsfondet til Lindås kommune har følgjande kapitalgrenser:

- 1) Bedriftsutvikling, etablering og marknadsføring: 200.000,-
- 2) Investeringar: 250.000,-



3) Kommunale prioriterte prosjekt: 1.000.000,-

I vedtektene kjem det fram at kommunen kan støtte tiltak for omstilling/ending, som bidrar til vekst og utvikling. Utviklingsprosjektet til Sport & Fritid vil utvilsamt føre til vekst for ei lita, men sentral bedrift, som gjer næring av eitt av dei fremste føremona til Lindås og regionen – nemleg naturen!

Det er verdt å nemna at innstilt/tildelt sum settes lågare enn søknadssum av fleire årsaker. For det fyste er det hard kamp om midlane frå næringsfondet, som gjer det naudsam med «streng» handsaming. For det andre ynskjer næringsfondet å prioritera næringsaktørar i ein oppstartsfase. Sport & Fritid er alt ein godt etablert marknadsaktør med millionomsetning. Næringsfondet er vidare opptatt av at midlane skal leggest til rette for verdiskaping i samfunn og næringsliv. Sport & Fritid baserer stort sett sin virksomhet på import frå utlandet, og kommunen har difor oppfordra verksemda til å satsa meir på eigen produktutvikling og gjerne bruka meir lokale/regionale underleverandørar. Sport & Fritid har tatt oppfordringa på strak arm, og har gode føresetnader for ei god vidareutvikling av verksemda.

Kommunen ønskjer å støtte opp om ein spennande bedrift med vekstpotensiale. For å bidra til gjennomføring, ønskjer Lindås kommune å støtte søknaden med 17.500 kroner frå næringsfondet.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Silje Andvik Hoaas